

# Årsmelding 1996



**Høgskulen i Volda**

# Innhold


---

Rektor .....	s. 3
Høgskuledirektøren .....	s. 4
Avdeling for humanistiske fag .....	s. 5
Avdeling for lærarutdanning .....	s. 6
Avdeling for mediefag .....	s. 7
Avdeling for samfunnsfag .....	s. 8
Forsknings- og utviklingsarbeid .....	s. 9
Kurs, etter- og vidareutdanning .....	s. 10
Undervisning og opptak .....	s. 11
Biblioteket .....	s. 12
Informasjonsteknologi .....	s. 13
Personale .....	s. 13
Styret .....	s. 13
Bygningar .....	s. 14
Kommentarar til rekneskapen .....	s. 14
Rekneskapen 1996 .....	s. 15



*Grunnarbeidet til nybygget på Røysmarka tok til på ettersommaren 1996. Ved årsskiftet 1996/97 var bygginga komen så langt at bygget var godt synbart i terrenget.*

# Rektor



«Noko av det aller mest positive for høgskulen i 1996 var byggjearbeidet på det store høgskulebygget som etter planen skal stå innflyttingsklart våren 1998.»

Den nye lova om universitet og høgskular blei gjort gjeldande frå 1. januar 1996, og det inneber likeverd mellom universitet og høgskular. Mellom anna slår lova fast dei statlege høgskulane sin rett og plikt til å drive forskning og gi forskingsbasert undervisning. Den negative økonomiske utviklinga i høgskulesektoren har ført til at det har vore umogleg å følgje opp intensjonane i lova om jamstelling.

Driftsåret 1996 har vore ei vidareføring av 1995 og oppfølging av strategisk plan. Den faglege profilen i utdanningstilboda der humaniora og samfunnsfag har stor breidd, har blitt følgt opp med planarbeid om etablering av mellomfag og storfag, og igangsetjing av studietilbod som 4-årig kyrkjevevjerutdanning og årsstudium i samfunnskunnskap.

Rekrutteringa til studietilboda var også i 1996 svært god, og mediefaga ved høgskulen var mellom dei mest ettertrakta av alle studietilboda i landet. På sikt vil nok også Volda merke reduksjon i søkjartalet avdi årskulla blir mindre, og for å møte utfordringa har høgskulen medvete satsa meir på etter- og vidareutdanning. Organisering og profil blei ikkje endeleg avklara i 1996, men dette arbeidet er prioritert. Reformene i grunn- og vidaregåande opplæring har

også vore ei utfordring, og i samarbeid med Utdanningsdirektøren er det inngått avtalar om etterutdanning med ei rekkje kommunar i regionen. Det er oppretta samarbeid med andre høgskular om kombinerte trygdestudium organisert som desentralisert fjernundervisning. Høgskulen i Volda har også gjennomført eit ODL - samarbeid med høgskulane på Vestlandet om 5-10 årspedagogikk.

Det internasjonale kontaktnettet er utvida gjennom samarbeidsavtalar med høgskular og universitet i Norden, England og India. Likevel har vi ikkje kome så langt i internasjonaliseringa som ønskeleg grunna avgrensa ressursar.

Forskning, utviklingsarbeid og kompetansebygging blir ei stadig meir omfattande og synleg verksemd i høgskulen. Fagpersonalet har arbeidd med fleire større utviklings- og forskingsprosjekt, og avdelingane kan syne til stor produksjon av skriftleg materiale i form av rapportar, artiklar og lærebøker. Høgskulen har knytt til seg fleire framstående forskarar gjennom professor II-stillingar, og dei har hatt ein positiv effekt i fagemiljøet. Også i 1996 var det fleire som fullførte si doktorutdanning, og ved ei av avdelingane har no over 25 prosent av fagpersonalet doktorgrad. Styret har halde fram det politiske

arbeidet både i Stortinget og i KUF med å synleggjere behovet for større løyvingar til høgskulen. Høgskulen har m.a. hatt besøk av fleire politiske komitear på nasjonalt og fylkesnivå. Det siste statsbudsjettet gav ei lita opning for å starte arbeidet med å endre dei historisk økonomiske skilnadene mellom høgskulane.

Media i regionen viser stor interesse for stoff om høgskulens faglege aktivitet. Det er vi glade for da det gir oss høve til auke kunnskapen om HVO mellom brukarane.

Noko av det aller mest positive for høgskulen i 1996 var byggjearbeidet på det store høgskulebygget som etter planen skal stå innflyttingsklart våren 1998.

Vi takkar alle som har medverka til at Høgskulen i Volda kan vere ein høgskule i god utvikling.

Sverre Måseidvåg

# Høgskuledirektøren

Ja, så er endå eit år historie. Denne gongen er det 1996, og det har vore eit år prega av stor arbeidsinnsats både i dei daglege oppgåvene og dei meir prosjektprega oppgåvene. Når det gjeld prosjektprega oppgåver, kan eg nemne:

Prosjekt som er i gang eller i startfasen:

- nybygget
- budsjettmodellarbeidet
- lokal tilpassningsavtale
- forskdok
- knutepunkta
- organiseringa av etter- og vidareutdanninga

Prosjekt som har vore styrehandsama:

- forskingsorganiseringa
- lokale retningsliner for oppdragsverksemda
- nytt økonomireglement
- forretningsorden for styrearbeidet
- retningsliner for tilsetjing i undervisnings- og forskarstillingar
- eksamensforskrifter
- studietilboda i Kristiansund
- studenthus i Volda
- strategiplan for HVO
- frammøterelement for studentane

Alle desse prosjekta har teke mykje tid og kapasitet både fagleg og, ikkje minst, administrativt. Når dette kjem i tillegg til det daglege arbeidet, fører det

til stort press på administrasjonen, og situasjonen er no vanskeleg både når det gjeld kapasitet og press. Sjølv om vi ser at stadig nye rutinar fell på plass og organisasjonen festar seg, står det enno mykje igjen i delar av organisasjonen.

Elles har det også i dette året vist seg at den administrative organiseringa som var lagt opp i omorganiseringsprosessen, kan fungere. Her i Volda valde vi ein stor fellesadministrasjon og fire mindre avdelingsadministrasjonar, og dette viser seg å vere ein brukbar modell. Om vi har funne den rette dimensjoneringa på dei ulike funksjonane og i avdelingane, er under vurdering, men hovudmodellen er truleg god. I 1997 skal vi starte opp arbeidet med gjennomgang av arbeidsfordelinga i administrasjonen igjen, og då får vi svaret på noko av dette.

Organiseringa har stort sett vore konstant dette året, men visse justeringar har blitt gjennomførde og formaliserte. Vi kan her nemne at drift, kopiering og reinhald no formelt har blitt lagt under økonomisjefen. Det har fungert slik ei tid utan å vere formalisert. Dessutan er den administrative FoU-funksjonen no lagd til biblioteket, med hovudbibliotekaren som næraste



overordna. Elles er organisasjonen som før, jf skissa nedanfor.

Til slutt vil eg takke alle, både fagtilsette og administrativt tilsette, for stor innsats i 1996, og vonar at vi skal få eit godt år også i 1997, prega av samarbeid og framgang.

Høgskuledirektør Jan Driveklepp

Høgskuledirektøren

Personal-  
kontor

Studieadm.-  
kontor

Økonomi-  
kontor

Felles-  
kontor

Biblioteket

Adm. AHF

Adm. ALU

Adm. AMF

Adm. ASF

# Avdeling for humanistiske fag

## Undervisning og studentar

Avdeling for humanistiske fag omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie. Organisatorisk er avdelinga inndelt i: Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt, Tysk institutt og Ivar Aasen-instituttet.

Fagutdanningane - engelsk, historie, norsk og tysk - er på universitetsnivå. Fellesnemnarar i avdelinga finn ein i tema som lingvistikk, litteraturvitskap, framandspråkopplæring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie.

Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk).

I tillegg til den ordinære undervisning er tilsette engasjerte i etter- og vidareutdanningsverksemd og ved desentralisert undervisning, t.d. norsk og historie grunnfag i Ålesund i samarbeid med Folkeuniversitetet og ex.phil.-studium i Molde.

## Forskning og fagleg utvikling

Fagpersonalet ved AHF deltek i mange utviklings- og forskingsprosjekt i samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har gode føresetnader innanfor nynorskforsking (språk, litteratur og kultur), og ein del fagtilsette ved AHF har i arbeid med planlegging og etablering av Ivar Aasen-instituttet, som er tildelt knutepunktfunksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnett.

Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Norskstudiet for utanlandske studentar (NUS) har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval mm. Tilsette ved Engelsk institutt har dei

siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen. Eit anna prosjekt har vore bruk av poesi i engelskundervisninga.

Tilsette ved Historisk institutt har dei siste åra gjennomført eit omfattande nybrottsarbeid med fylkessoga for Møre og Romsdal. Det same gjeld arbeidet med regionsoge for Nord- og Midthordland. Andre prosjekt er t.d. Vestlandslæraren (KULT), bygdebøker for Lesja og Volda, og to lærebokprosjekt: internasjonal historie 1914-90 og amerikansk politisk historie 1865-1955.

Nordisk institutt deltar i nordisk samarbeid om namnegransking og i eit prosjekt om norsk og nynorsk i USA. Andre forskingsprosjekt er t.d. innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, populærkultur/-litteratur og andre litterære studiar, m.a. arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie, og faghistorie. Dr. art. -prosjekt er «Kvantitetsrealisasjonar og stavingsstruktur i norske dialektar» og «Ibsen med Lacan», og vitskapsteoretiske arbeid om Aasens fonologiske metode og psykoanalyse av tekst.

Tysk institutt har utvikla internasjonale faglege kontaktar og prosjektsamarbeid som t.d. eit større prosjekt om språk og informasjonsstruktur. Vidare blir det arbeid med lærebøker, studiar i Günter Grass' prosaverk, tysk samtidshistorie og ei undersøking av indoeuropeisk ordstruktur.

## Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltar i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde

kjeldemateriale og ved å delta som styremedlemmer i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1996 arrangert fleire opne seminar og forelesingar.

Det er i 1996 oppretta eigen skriftserie for Ivar Aasen-instituttet, der første publikasjon er ei nytgåve av Aasens «Det norske Folkesprogs Grammatik» av 1848, redigert av førstemanuensis Terje Aarset.

## Satsingsområde

Av særlege satsingsområde og vidare planar om utvikling av studietilbod kan nemnast: etablering av mellomfagstillegg i engelsk og tysk. Ved Tysk institutt vert det også arbeid med utvikling av eit storfagstilbod, og på sikt er det planar om utvikling av hovudfagsundervisning i samarbeid med eit universitet. Historisk institutt vil vidareutvikle studietilbodet med storfag og evt. hovudfag. Dette arbeidet blir koordinert tematisk med Ivar Aasen-instituttet.

Ved Nordisk institutt er det også svært aktuelt å sjå forskingsarbeid og studietilbod på høgare nivå i samband med Ivar Aasen-instituttet, som blir det sentrale satsingsområdet for AHF i tida som kjem, i og med tildeling av knutepunktfunksjon og to professorstillingar hhv. på områda nynorsk skriftkultur og skriftspråk. KUF har også tildelt Ivar Aasen-instituttet eit 3-årig rekrutteringsstipend.

Viktige avklaringspunkt for Ivar Aasen-instituttet i 1996 og framover: styringsordning, tilsetjingar, fagleg innhald og forskingsfelt, tverrfagleg samarbeid internt og eksternt, nynorsk skriftkultur i internasjonalt perspektiv, m.m. Det er i 1996 sett ned ei utgreiingsgruppe ved AHF for å lage framlegg om eit tverrfagleg hovudfag i kulturstudiar.

# Avdeling for lærarutdanning

## Organisering

I 1996 har Avdeling for lærarutdanning vore inndelt i følgjande fagseksjonar: drama, forming, kroppsøving, matematikk-informatikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. Avdeling for lærarutdanning disponerte lønnsmidlar til 59,5 faglege stillingar.

Sentrale fagmiljø i lærarutdanningane som norsk, kristendomskunnskap og engelsk er organisert under andre avdelingar ved høgskulen. Dette representerte også i 1996 store utfordringar både for avdelinga og dei aktuelle fagmiljøa, med omsyn til fagleg og administrativ samordning av profesjonsstudia.

## Fagleg leiing

Avdelinga har i 1996 hatt dekanus i full stilling. I tillegg har avdelinga oppretta studieleiarfunksjonar for allmennlærer- og førskulelærerutdanninga, kvar i 50% stilling, for å sikre samanheng og heilskap i profesjonsutdanningane

## Avdelingsadministrasjon

Avdelingsadministrasjonen bestod i 1996 av kontorsjef og tre førstekonsulentar.

## Undervisning og studentar

Avdeling for lærarutdanning har i 1996 gjeve følgjande profesjonsretta studietilbod tilbod: fireårig allmennlærerutdanning (ca. 130 studentar pr. årssteg), treårig førskulelærerutdanning (ca. 95 studentar pr. årssteg), førskulelærerutdanning deltid over 4 år (34 studentar som avsluttar i 96-97) og eittårig praktisk-pedagogisk utdanning for allmenne fag (30 studentar).

I tillegg har avdelinga gjeve fylgjande profesjonsretta studietilbod desentralisert til Kristiansund: førskulelærerutdanning deltid over 4 år (34 studentar avsluttar i 96-97) og praktisk-pedagogisk utdanning yrkesfag deltid (30 studentar avsluttar i 96-97).

Avdeling for lærarutdanning har òg i 1996 gjeve følgjande fagstudium

innafor ordinært budsjett: matematikk (20 vektal), naturfag (20), pedagogikk (20), spesialpedagogikk (1. avdeling), forming (20), musikk (20 - 40), kroppsøving (20), informatikk (10), 5-10 års pedagogikk (10) og drama (10).

Avdelinga har synt etter måten stor aktivitet i 1996 i dei tilboda som høgskulen tilbyr som desentraliserte, avgiftsfinansierte studietilbod i vår region.

Aktiviteten innan fjernundervisning har òg vore aukande. I tillegg til at avdelinga har vore sterkt involvert innan 5-10 årspedagogikk, har ein i 1996 starta to fjernundervisningstilbod innan informasjonsteknologi på internett med AV-sentralen Volda som teknisk operatør.

Det var registrert 1125 heiltidsstudentar i lærarutdanningane ved HVO i 1996 (gjennomsnitt for vår- og haustsemesteret). Av desse var 995 registrerte ved Avdeling for lærarutdanning.

## Forskning og fagutvikling

Vi er vitne til ei aukande interesse for forskning i avdelinga. Ein del enkeltpersonar har gått i førevegen, og så har andre følgt opp. Relativt mange gjev uttrykk for at dei treng støtte og hjelp for å kome skikkeleg i gang. Derfor er kanskje vår største utfordring å byggje opp eit støtteapparat for FoU-verksemda i avdelinga.

For ei lærarutdanning er det viktig å dokumentere undervisning og kunstnarleg verksemd med tanke på å synleggjere den kompetansen våre tilsette har på desse felta. Derfor har vi gjennomført eit utgreiingsarbeid for å finne gode måtar å dokumentere slik kompetanse på. Vi trur at dette er viktig for å kunne halde ved lag lærarutdanningane sin profil med vekt på praktisk-estetiske fag også i framtida.

I 1996 har ein av personalet disputert for doktorgraden (pedagogikk), ein har vorte vurdert kompetent som førstelektor (musikk) og to har fullført

utdanning (i kroppsøving og heimkunnskap) som gjorde dei kompetente som høgskulelektorar.

## Formidling og samfunnskontakt

ALU har mykje kontakt med andre utdanningsinstitusjonar, særleg innanfor lærarutdanning, og med samfunnet omkring, særleg skuleverket i eige fylke.

Tilsette har halde førelesingar, kurs og vore med i prosjektprosessar av ulike slag nasjonalt, men også internasjonalt. Dessutan har det vore skrivi rad bøker, artiklar og kompendium av personar i avdelinga.

## Satsingsområde


Politiske signal viser at lærarutdanningane er mellom dei studietilboda som skal prioritarast på landsplan, og god søknad til lærarutdanningane i Volda dei seinare åra gjev grunn til å sjå lyst på rekrutteringa framover. Nedgang i løyvingar gjer likevel at det er vanskeleg å halde kvaliteten i utdanninga oppe.

Lærarutdanningane i Volda er prega av eit breidt fagtilbod, der eit omfattande tilbod innan praktisk-estetiske fag er eit særmeke. Til dømes kan nemnast at Høgskulen i Volda har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i Norge), og desse har sin base både når det gjeld leing og deltaking i Avdeling for lærarutdanning.

Vi har bygt opp tilbod på 20 vektal i dei fleste sentrale skulefaga: Dessutan tilbyr vi 40 vektal i musikk og 1. og 2. avdeling i spesialpedagogikk. Vi har planar om å følgje opp dette med utvikling av meir omfattande studietilbod innanfor andre fagområde, særleg friluftsliv og pedagogikk.



# Avdeling for mediefag



## Undervisning og studentar

Avdelinga gir tilbod om to-årige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har vi eitt-årig påbyggingsstudium i dokumentarfilm og fjernsynsreportasje og gir desentraliserte tilbod om halvårseiningar i mediekunnskap.

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummar og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1996 var det om lag 200 studentar ved vår avdeling. Avdelinga har 19,5 stillingsheimlar.

## Forskning og fagutvikling

Avdelinga vil på den positive sida peike på publiseringa av Øystein Sande sine to bøker: «Den medieskapte virkelighet» og «Den person-fokuserte avisartikkel». Torill Mortensen fekk ferdiggjort sin rapport: «Spillet lesers - lesernes spill», og det blei arbeidd med fleire artiklar til avdelinga sitt jubileumsskrift. Gjennom knutepunktmidlar fekk vi utarbeidd ei oversikt over Kringkastingsforskning i Norden, av Trine Syvertsen og Borghild Gramstad.

Det er også laga studieplanar for ei mogleg multimedieutdanning, både som eige studium og som delfag ved dei etalerte utdanningane, og det er laga nett-sider for avdelinga. Fleire tilsette utarbeidd søknader om ekstern støtte til prosjekt, m. a. i radio-journalistikk, mediespråk og sponing - alle klart relaterte til knutepunkt-oppgåver. Viktig var også det vidare arbeidet med innføring av ny informasjonsteknologi for radio og dokumentarfilmstudiet, med utarbeiding av tilhøyrande læremateriell.

Andre tilsette har arbeidd med utviklingsarbeid av ymse slag, om dokumentarfilm, om kringkastingsjournalistikk og innafor området ny teknologi og praktisk mediearbeid. Avdelinga har også hatt arbeidsopp-

drag for eksterne oppdragsgjevarar og i eksterne mediebedrifter.

Fleire vakansar har gitt ekstrabelasting for dei fast tilsette med utvida oppgåver innan dei yrkesretta studie-tilboda. Det blei arbeidd med utlysing av dei to professorata knytt til knutepunkttoppgåvene med tanke på utlysing i 1997. To ledige professorat har gitt dårlegare rammevilkår for målretta forskning.

## Formidling og samfunnskontakt

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle partar. Ein førebels avtale med NRK Møre og Romsdal opna for nærmare samarbeid og meir realistiske øvingar for radio- og fjernsynsstudentane.

Studentane vert òg oppmoda til å leggje fram vellukka studentarbeid i media. Dette er med å setje Høgskulen i Volda på kartet og gir studentane realistiske røynsler.

## Satsingsområde

Høgskulen i Volda har knutepunkt-funksjon i mediefag med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulen si side for å framheve verksemda ved avdelinga og å profilere dette i høve til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag. Det planlagde produksjons-samarbeidet med NRK Møre og Romsdal er ein lekk i styrkinga av knutepunktet.

Høgskulen fikk dette året øyremerka midler over 45-posten til innkjøp av utstyr for digital redigering av video knytta til studiet for dokumentarfilm og fjernsynsreportasje. Hausten 1996 kunne vi ta i bruk to topp moderne redigeringseininger. Avdelinga må følge opp denne IT-satsinga med ei redaksjonelt basert løysing med

tilsvarende teknologi for fjernsyns-spesialiseringa i journalistutdanninga. Når dette er gjennomført, vil avdelinga vere rimeleg på høgde med utviklinga i bransjen.

For å styrkje den teoretiske basisen for avdelinga har vi satsa på å etablere grunnfagsutdanning i massekommunikasjon ved HVO. Dette har så langt ikkje ført fram. Vi har òg arbeidd for å få i gang hovudfagssamarbeid med Institutt for Drama, film og teater ved NTNU (knytt til dokumentarfilmstudiet) og med Institutt for visuell kommunikasjon ved Statens håndverks- og kunstindustriskole (knytt til aimasjonsutdanninga).

## Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning. Gjennom NORDPLUS-programmet har vi hatt spesielt god kontakt med Høgskolan i Sundsvall.

Eit nytt tiltak er koplinga til India. Department of Mass Communication & Journalism ved Mangalore University og Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda har skrivne under ein intensjonsavtale om utveksling av lærarar og studentar for å utvikle forståing for dei to landa sine kulturar og samfunnsliv.

Den første delen av denne utvekslinga starta hausten 1996. Eivind Rønnestad underviste i forteljarteknikk og fjernsynsnyheiter i India. Den neste delen av samarbeidsprosjektet blir eit besøk frå Volda av ein lærar og fire studentar til Mangalore våren 1996. Våre studentar skal arbeide saman med indiske studentar for å utvikle fjernsynsforteljingar frå indisk daglegliv og kultur. Seinare kjem ei indisk gruppe til Høgskulen i Volda. Denne utvekslinga blir også gjennomført i 1998, då med 2 lærarar og 6 studentar frå kvar institusjon. Avtalen om utveksling kan forlengjast etter ei evaluering av prosjektet i 1998.

# Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag tilbyr høgere utdanning innanfor kommunalfag, kristendomskunnskap og kyrkjefag og sosialfag.

## Studentar og undervisning

Studia ved ASF varer frå 1 til 4 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innan offentleg forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunal planlegging, kyrkjevevje- og sosionom-utdanning. Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekkje etter- og vidareutdannings-tilbod. Dette gjeld t. d vidareutdanning for trygdefunksjonærar, kombinerte trygdestudium, kurs i regional planlegging, og kurs i leijing for offentleg tilsette.

Studentmålalet for avdeling for samfunnsfag er 558,4, desse er fordelte med 255 på sosialfag, 203,4 på kristendomskunnskap og kyrkjefag og 100 på kommunalfag. Avdi for mange studentar fekk tilbod om studieplass, vart opptaket til sosialfaga større enn venta i 1996, medan andre studium ved avdelinga fekk tilslag noko i underkant av måltala. Kandidatproduksjonen i 1996 var også god. Avdelinga uteksaminerte t.d. 38 barnevernspedagogar, 33 sosionomar, 28 kommunale planleggjarar, 3 kyrkjevevjer og 6 kateketar.

## Nye studietilbod

Ny studieplan for 4-årig kyrkjevevje-utdanning vart i 1996 godkjend av departementet. Avdelinga fekk også hausten 1996 utvida tilbodet med årseining i samfunnskunnskap. Etablering av 4-årig kyrkjevevje-utdanning og årseining i samfunnskunnskap vil gi studentane større valfridom med tanke på å skaffe seg ei cand.mag.grad ved ASF og HVO.

Kombinerte trygdestudier er eit nytt desentralisert fjernundervisningstilbod som vart etablert i 1996. Dette studiet vil erstatte den tidlegare vidareutdanninga for trygdefunksjonærar som blir avvikla i juni 1997. Kombinerte trygdestudier er eit samarbeid mellom Høgkula i Agder, Høgskula i Nordland, Høgskula på Lillehammer,

Høgskula i Volda og Rikstrykdeverket.

## Studiekvalitetsarbeid

På oppdrag frå ASF starta Møre-forskning Volda hausten 1996 arbeidet med ei kandidatundersøking. Denne undersøkinga tek sikte på å kartleggje arbeids- og utdanningsmarknaden kandidatane skal ut på kva, og kva som skjer med studentane etter at dei har fullført utdanninga ved høgskula. Bakgrunnen for denne undersøkinga er at ein med jamne mellomrom bør undersøkje om utdanningane kvalifiserer kandidatane på den måten ein har føresett. Eit poeng er også den umiddelbare nytten ein kan ha ved å bruke delar av undersøkinga i samband med informasjon og studentrekruttering.

Oppdraget som MFV har fått, er tredelt - byggje opp adresse-arkiv over alle tidlegare kandidatar - undersøkje utvalde årskull nærare - etablere eit system som enkelt kan brukast ved seinare undersøkingar

Undersøkinga skal vere fullført i april/mai 1997 og er finansiert med 4/5 over avdeling for samfunnsfag sitt budsjett, og med 1/5 av høgskula sine strategiske midlar.

## Avdelingsseminar om skriveprosess

10. og 11. desember 1996 arrangerte ASF seminar om studiekvalitet på Sæbø. Emnet for seminaret var «Korleis arbeide med studentane sin skriveprosess og skrivedugleik». Det faglege ansvaret hadde dr.art. Torlaug Løkensgard Hoel frå NTNU i Trondheim. Deltakinga på seminaret var svært god, med omlag 30 tilsette. Og både samtalen undervegs og oppsummeringa tyder på at seminaret sette viktige spørsmål på dagsordenen.

## Forskning og fagleg utvikling

Tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings og fagutviklingsprosjekt i 1996, og avdelinga kan syne til ein stor produksjon av

skriftleg materiale i form av artklar i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og førelesingar i inn og utland.

Skjematisk oversyn over vitskaplege publikasjonar frå avdeling for samfunnsfag 1996.

Kategori	
Forskningsrapportar	8
Arbeidsrapportar	14
Notat	13
Paper	7
Artklar, bidrag bøker	32
Bøker	9

Avdeling for samfunnsfag har 34 vitskaplege stillingsheimlar og 2 bistillingar. Hausten 1996 vart Rune Slagstad engasjert som ny professor II. Slagstad vil særleg bli trekt inn i forskingsverksemda ved høgskula og fungere som ein fagleg rettleiar for personalet.

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fagpersonalet. To tilsette ved Institutt for kristendomskunnskap og kyrkjefag avslutta doktorgradsstudiar i 1996, Per Magne Aadnanes som dr. philos ved Universitetet i Oslo, Asbjørn Simonnes som dr. of Ministry ved Fuller theological seminar, USA. Over 25 prosent av fagpersonalet ved ASF har no doktorgrad.



Avdeling for samfunnsfag tilbyr høgere utdanning innanfor kommunalfag, kristendomskunnskap og kyrkjefag og sosialfag.



# Forsknings- og utviklingsarbeid



Det er to saker som har vore i fokus i 1996, organiseringa av FoU-arbeidet og utvikling av eit betre fungerande dokumentasjonssystem. I 1996 har vi endeleg fått det siste på plass.

Det er ei stor glede å kunne presentere den første årlege systematiske FoU-statistikken til Høgskulen i Volda som byggjer på dette systemet, sjå tabellen. Ein stor takk til alle kollegaer som har brukt tid til å synleggjere aktivitetane i 1996. Utan denne innsatsen ville denne rapporten vore umogleg å framstille. Ein spesiell takk til forskingskonsulent Bergljot Melsæter Worren som har gjort eit stort arbeid med å leggje til rette for rapportering, som med iherdig innsats har stimulert oss til å dokumentere noko av det vi faktisk gjer og ikkje minst gjennomført innskrivings- og redigeringsarbeid knytt til FORSK-DOK-systemet som vi med dette har teke i bruk.

Denne innsatsen har på ein god måte synleggjort den store FoU-aktiviteten ved høgskulen. I årsmeldinga for 1995 kunne vi peike på 83 publikasjonar knytt til FoU, 24 artiklar, 11 avhandlingar, 15 bøker, 18 kapittel i bøker og 15 notat. I år kan vi vise til heile 403 FoU-arbeid. Ein formidabel produktivitetssauke! Sanninga er sjølv sagt at den vesentlege forskjellen mellom 1995 og 1996 er at vi no har

fått til eit godt fungerande rapporterings- og dokumentasjonssystem som på ein ny måte synleggjer nokre av aktivitetane ved høgskulen. Vi har også teke med aktivitetar som ikkje vart rekna som FoU-arbeid i 1995, men som høyrer naturleg med til utviklingsarbeidet til høgskulen.

Frå m. a. Australia høyrer vi at høgare utdanningsinstitusjonar vert vurderte med grunnlag i utdanningsverksemd, forskings- og utviklingsarbeid, men også samfunnsarbeid som foredragsverksemd, kunstnarisk verksemd, samfunnsarbeid m.m. No er det meste av rapporteringa frå høgskulen til KUF knytt til utdanningsproduksjonen. Men kvart år aukar krava om dokumentasjon også av FoU-verksemd.

Sidan høgskulen vert tildelt store ressursar til FoU-arbeid, truleg tilsvarende 30 til 40 årsverk (ressursane er ikkje synleggjorte direkte) er det rimeleg å forvente at desse ressursane vert brukte på ein samfunnsgagnleg måte.

Vi ved høgskulen veit at dette er tilfelle, men vi kan få store problem med å halde på desse ressursane om vi ikkje greier å dokumentere verksemda. Gjennom dokumentasjonssystemet som no er teke i bruk, er det for første gang mogleg for oss å få fram breidde i denne verksemda. Vi veit at ikkje alle

er like flinke til å melde frå om aktivitetar - vi tenker ofte ikkje på at om vi held eit foredrag for bondelaget i Ørsta eller søgelaget i Stryn, at det er samfunnsgagnleg verksemd som vi som høgskule bør gjere for å fungere best mogleg i samfunnet vi skal tene. Og i slike tilfelle er det viktig at vi dokumenterer det vi gjer, slik at vi kan få fram kor viktig vi er som samfunnsinstitusjon. Den reelle verksemda ved høgskulen er truleg endå større enn det som er med her, men ein stad må vi starte.

Den andre store saka vi har arbeidd med i 1996 er organisering av forskingsverksemda. Strategiutviklingsarbeidet konkluderte med at høgskulen skulle etablere eit tettare samarbeid med Møreforskning Volda, m.a. ved å etablere sams faggrupper med faglege leiingsressursar og sams koordinering av FoU-verksemda. Det har vore delte meiningar om kor stor ressurs som skal brukast til slik samordningsverksemd, og 1996 førde ikkje til noka avklaring her. Men for å foregripe 1997, så er det i skrivande stund endeleg etablert ei sams ordning! Ting tek tid i vårt system, men det treng ikkje å føre til dårlege løysingar av den grunn.

FoU-arbeid	AHF	ALU	AMF	ASF	Andre	Sum
Tidsskriftsartiklar, kap. i bøker m. m.	34	30	8	28	1	101
Bøker/rapportar	9	4		9		22
Avslutta arb. ikkje utg. på forlag	10	38	5	34	1	88
Andre	1	31	2			34
Sum	106	156	17	122	2	403
Faglege stillingsheimlar	28,5	58,5	19,5	34		140,5

# Etter- og vidareutdanning

**A**nsvarsområdet kurs, etter- og vidareutdanning er plassert i Kontor for studieadministrasjon og studiesjefen er overordna leiar.

Det er knytt to stillingsheimlar til dette arbeidet, ein førstekonsulent og ein konsulent. Hausten 1996 måtte ein i tillegg leige inn ein førstesekretær då førstekonsulenten skulle fristillast for å arbeide med framtidig organisering av etter- og vidareutdanningsverksemda ved HVO. Prosjektet var tildelt kr. 50.000,- av strategiske midlar.

## Ansvars- og arbeidsoppgåver

Planlegging og oppfølging av  
35 vidareutdanningar (vekttalsstudium)  
17 studium vart avslutta  
18 studium vart starta opp/vidareført  
Samla studenttal: 1173  
77 etterutdanningar (kurs utan vektal)  
med 3436 registrerte deltakarar  
2 konferansar med 266 registrerte  
deltakarar  
2 internopplæringstiltak med omlag 60  
deltakarar

Generell sakshandsaming, oppfølging  
og utvikling av verksemdsområdet

Informasjonsarbeid, studentrettleiing  
produksjon av informasjonsmateriell

Budsjettarbeid og økonomistyring

Prosjektarbeid/strategisk utviklingsar-  
beid

## Resultat og rekneskap

Korrigert for ekstern finansiering har KEV-verksemda i 1996 gitt omlag 130 heiltidsekvivalentar.

Resultatrekneskapan for 1996 viser at ein fekk eit dekningsbidrag på kr. 319.000.

## Samarbeidspartnerar / oppdragsgjevarar

Marknaden har mange og ulike interessentar og aktørar. Vi merkar ein aukande tendens til ein meir konkurranseprega situasjon, der både pris og modell for organisering er

medverkande faktorar for val av studium og oppdragsgjevar.

Samarbeidspartnerar i 1996 har m. a. vore:

Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,  
Universitetet i Bergen  
Høgskulen i Sogn og Fjordane  
Høgskolen i Bergen  
Høgskolen i Stord/Haugesund  
Høgskolen i Lillehammer  
Høgskolen i Agder  
Høgskolen i Bodø  
Rikstrykdeverket  
BI Kristiansund  
Ørskog vaksenopplæring  
AV-sentralen Volda  
Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal  
Folkets Brevskole

## Utfordringar

Som utdanningsinstitusjon har vi eit spesielt ansvar for å møte regionen sitt behov for livslang læring. I både offentlig og privat verksemd kan vi sjå ein tendens til at behovet for etter- og vidareutdanning blir sett meir i system, som eit ledd i ei målretta kompetanseutvikling for heile organisasjonen. Reformene i utdanningssektoren og det generelle kravet til omstilling og endring i samfunnet, gjer og at etterspurnaden etter oppdatering vil auke sterkt i komande år.

Høgskulen må leggje til rette for både ein individretta marknad og ein organisert etterspurnad frå arbeidsgjevar.

Grensene for kva arena ein kan operere på når det gjeld etter- og vidareutdanningstilbod, er også i endring. Med alternative studiemodellar/undervisningsformer, t.d. fjernundervisning, og ved å knyte kontaktar og inngå samarbeid både på ein nasjonal og internasjonal marknad, vil det bli aktuelt med heilt andre nedslagsfelt, målgruppe og samarbeidspartnerar enn dei vi har vore orienterte mot fram til no. Høgskulane har også fått høve til å søkje om å gi tilbod utover 10 vektal.

Totalt sett ligg det ei stor utfordring i å utvikle ein funksjonell struktur og ei produksjonseining som gjer oss i stand til å vere både nytenkjande, fleksible og alliansebyggjande, internt og eksternt, utan å redusere på studie-kvaliteten eller misse fagleg identitet og tyngd. Prosjektet som førstekonsulenten har levert i 1996, reknar vi som startskotet på ein spennande og resultatorientert debatt i 1997.



Henrik Kaarstad-huset

# Undervisning og opptak

Søkinga til høgskulen i 1996 var god - med særleg høge søkjartal til profesjonsutdanningane; mediefag, barnevern, sosionom, barnevern, allmennlærerutdanning og førskulelærerutdanning. Søkinga var også spesielt stor i følgjande einskildfag: historie, engelsk, norsk, forming, kristendomskunnskap, kroppsøving, musikk og pedagogikk.

## Opptaks- og studenttal

HVO hadde sakshandsamar- og opptaksansvar for 3 200 søkjarar i det nasjonale opptaket (SO). Av desse var 935 studentar tekne opp ved eigen høgskule; 621 kvinner og 314 menn. Studentane fordelte seg med 494 på profesjonsstudia og 441 på årseiningane/grunnfaga (SO-statistikk). I tillegg handsama opptakskontoret til saman 2500 søknader ved det lokale opptaket, og det vart teke opp 484 nye studentar ved dei lokale påbyggingsstudia; årsstudium, mellomfagstillegg og halvårseiningar. Opptakskapasiteten i 1996 vart vidareført frå 1995 både i profesjonsstudia og i einskildfaga.

## Profesjonsstudia

I dei 13 profesjonsstudia vart det registrert til saman 1357 studentar v-96. Talet auka til 1474 studentar etter opptaket hausten 1996 p.g.a. svært god utnytting av kapasiteten. Eit "overopptak" på 38 studentar i sosialfagutdanningane, 11 i lærarutdanningane og 7 studentar v/PPU-allmennfag var hovudårsak til dei solide tala. Måltala vart i det heile jamt godt oppfylte i profesjonsstudia unnateke kateketutdanninga og kyrkjevevjeutdanninga, men opptaket på kristendomskunnskap og menighetsarbeid og kristendomskunnskap grunnfag, som er faggrunnlaget for desse studia, retta opp mykje av situasjonen. Ikkje oppfylt kapasitet på KPA-studiet vart nesten dekt opp gjennom det nye årstudiet i samfunnskunnskap. Ved Avdeling for mediefag vart det teke opp 98 studentar.

## Årsstudia

Ved dei 17 årseiningane/årsstudia/grunnfaga vart det h-96 registrert 571

studentar som samla var 54 studentar over måltalet for desse studia (517). Det var såleis god oppfylting i dei fleste studia - m.a. opptak over måltalet ved følgjande fem studium: engelsk (48 - måltal 35), historie (108 - måltal 75), kristendomskunnskap (74 - måltal 50), kroppsøving (45 - måltal 40) og pedagogikk (51 - måltal 30). Sjølv om tysk grunnfag med 55 studentar låg under måltalet (60), var oppfyltinga svært god i høve til tidlegare år. Dei 3 mellomfagstillegga i kristendomskunnskap, historie og norsk og storfaget i norsk opprettheldt stabil etterspurnad, og måltala var godt oppfylte.

## Avgiftsfinansierte studium

Ved dei 26 kompetansegejevande studietilboda med ekstern finansiering vart det v-96 registrert til saman 452 studentar fordelte på 19 einingar (10- og 20-vekttal) og til saman 671 studentar h-96 fordelte på 24 einingar, til saman 1 123 studentar. Det var ein auke på 213 studentar (23,4%) i høve 1995. Studentane gjennomførte avgiftsfinansierte studium dels som fjernundervisning og dels som deltids-tilbod i regionen, nasjonalt og i utlandet. I tillegg kom den verksemda som femna om ikkje-kompetansegejevande kortkurs, oppdrag og undervisning utført av fagleg tilsette, og som vart administrert av avdelingane og/eller av KEV-kontoret (25 heiltidsekvivalentar). Tiltaka var i samsvar med tidlegare vedtak om å arbeide vidare med å utvikle høgskulen sin KEV-funksjon, ikkje minst på bakgrunn av at dei store reformene i vidaregåande opplæring og i grunnskulen.

## Samla studieaktivitet

Tala viser at ein i 1996 hadde opptaks-, registrerings-, eksamens-, karakter- og vitnemålansvar for til saman 2715 studentar/personar ved HVO (1357 + 1474)/2 profesjonsstudentar og (760 + 718)/2 årsstudentar m.m. innafor HVO sine budsjettammer og 1123/2 studentar på desentraliserte tilboda.

## Eksamen

I 1996 vart det uteksaminert 415 kandidatar i profesjonsstudia, 568 ved

årseiningar/årsstudium/halvårseiningar/mellomfag og 407 ved desentraliserte og avgiftsfinansierte studium.

## Nye studium

Sommaren 1996 godkjende KUF to nye studium som vart klargjorde for bruk frå hausten 1997: 2-årig utdanning i kyrkjeleg administrasjon/kyrkjevevjeutdanning (utviding med eitt år) på grunnlag av 2-årig kandidatstudium som menighetssekretær, til saman 4 år og utskiljing av 1. år av KPA-studiet som årsstudium i samfunnskunnskap (skriftleg godkjenning 19. juli 1996). Finansieringa av studia skal ordnast innafor tildelte budsjettammer. På grunnlag av rammeplanen for NSM og naturfag i 4-årig allmennlærerutdanning - og koplingar til gjeldande 5+5+10 vektal - vart det frå hausten 1996 gjeve tilboda i 20 vektal i naturfag som ei eining.

## Fjernundervisning

I studieåret 1996-97 vidareførte vi samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund (ODEL) om gjennomføring av fjernundervisningsopplegget Pedagogikk for barn 5-10 år halvårseining. Undervisningsopplegget fekk i 1996 nasjonal rekruttering og tek m.a. i bruk videofilmproduksjon og satellittendingar for å nå fram til alle studiesentra. I samarbeid med Folkets Brevskole er HVO fagleg ansvarleg for fjernundervisningstilboda i mediekunnskap 1. og 2 halvårseining. I samarbeid med AV-sentralen for Sunnmøre gjennomfører HVO fjernundervisning i informatikk 1. og 2. halvårseining via Internett og elektronisk oppslagstavle. Studiet har nasjonal rekruttering.

# Biblioteket

På lengre sikt er biblioteket sitt arbeid forankra i lova om universitet og høgskular, og i Høgskulen sitt strategidokument. Begge dokumenta understrekar kravet om kvalitet i høgskulen sitt arbeid, og set dette kravet inn i ei nasjonal og internasjonal ramme av undervisning og forskning på høgt nivå. Biblioteket si fremste oppgåve er å vere formidlar.

1996 har vore særleg dominert av tre forhold:

- arbeidet med nybygget kom i gang, og det vart fastsett eit tidspunkt då det skulle vere ferdig
- kommunikasjonsteknologien tok nye store steg framover, på område som vedkjem biblioteket sin arbeidsmåte
- lånetrafikken biblioteka imellom auka sterkt.

## Personale

Ei bibliotekarstilling ved avdeling Strøm vart ståande ledig siste halvdel av året. Det vart tilsett ny bibliotekar, og vedkomande tok til i stillinga frå nyttår. Biblioteket har hatt delvis dekning gjennom ei engasjementsstilling, og ved at dei som er tilsette i mindre enn heil stilling, arbeide ekstra. Det var likevel ein svært merkbar mangel på personalsida at vi vanta ein fast bibliotekar halve året.

Også på denne bakgrunnen vil vi understreke den innsatsen bibliotekpersonalet har gjort i løpet av året. Ved sida av å drive biblioteket, med stadig aukande trafikk, utførte dei eit stort arbeid med å førebu samanslåinga, og med å bygge opp kompetansen sin på dei elektroniske arbeidsreiskapane. Meir om dette nedafor.

## Drift

Det var ein auke i aktiviteten på alle område, men ikkje like mykje over alt: Det som aukar mest, er lånetrafikken biblioteka imellom. Innlånet auka med 15%, til ca 3800 ekspedisjonar. Fjernlånet ut var på 2600. Fjernlånet inn og ut var til saman på 6400, som tilsvare 19% av det lokale utlånet frå eigne samlingar (34300). Fjernlånet ut er framleis mindre enn innlånet, men

det er likevel rett å seie at HVO er med og dreg lasset i fjernlånet her i landet. Denne auken i fjernlån vil halde fram, etter som Internett og Bibsys blir tilgjengeleg for fleire, og fleire blir vane med å bruke datamaskinen til slik kommunikasjon.

Utlånet direkte til våre eigne fjernstudentar vil utgjere ein større del av utlånet etter kvart som aktiviteten aukar i fjernundervisninga.

## Nybygg og samanslåing

Teikningane var i hovudsaka ferdige tidlegare, men biblioteket har følgd med i planleggingsarbeidet i detalj, som kom i gang i 1996. Biblioteket ser ut til å bli praktisk og tenleg. Vi skulle ønskje at heile huset vart større, slik det først var teikna, men biblioteket kjem til å innrette seg innafør dei rammene det får.

Med samlingane er eit viktig arbeid gjort: Så mykje er nå lagt inn i Bibsys at samlingane i all hovudsak finst i datakatalogen. Dette har gått betre enn vi hadde våga å tru. Alle har bidratt til det, ikkje minst han som vi har hatt på engasjement på tredje året. Det vil gjere flyttinga og samanslåinga mykje meir overkomeleg. Samtidig har biblioteket sanert ein del dubletter og uaktuell litteratur, slik at samlingane er meir aktuelle og meir oversiktlege. Ein del av det som er sanert, er sendt til Nasjonalbiblioteket i Rana. Der blir det registrert og gjort tilgjengeleg for alle.

Samanslåinga krev også ein gjennomgang av organisasjonen i biblioteket, og av arbeidsoppgåvene til medarbeidarane. Dette står på årsplanen for 1997.

## Bibsys og Forskdok

I 1996 tok vi i bruk den siste av modulane i Bibsys, Periodikamodulen. Det gir oss betre kontroll over tidsskrifthalde, og vi kan bruke Bibsys til utlånet også av tidsskrifthefta. Basen for forskingsdokumentasjon, Forskdok, hadde vi planar om å gå inn i for fullt dette året. Personalsituasjonen vart slik at vi ikkje kom så langt. Men grunn-


laget vart lagt, mange av spørsmåla vart konkretiserte, og vi fekk lagt inn eit utval publikasjonar, som eit pilotprosjekt. Tyngda av dette arbeidet kjem i 1997.

## Kompetanseheving


Biblioteket fekk ei løyving på kr. 60.000 av strategiske midlar, til eit felles tiltak for å heve kunnskapen om eit utval databasar og elektroniske hjelpemiddel. Dette vart organisert slik at personalet vikarierte for kvarandre. Dels var det eksterne kurs, dels intern opplæring, dels fekk dei sett av tid til sjølvstudium og øving. Det var eit svært kjærkome tiltak: Arbeidsreiskapane, og heile arbeidsmåten, endrar seg så radikalt at det er uråd å lære seg å meistre alt det nye innafør ei normal arbeidstid.

Dette første kompetansehevingsprosjektet gjekk ikkje i særleg grad inn på dei ressursane som finst på Internett, i stadig aukande mengd. Dette må bli emnet for nye prosjekt, i 1997 og seinare. Men også i 1996 prøvde bibliotekpersonalet å finne tid til å gjere seg kjende med somme av dei hjelpemidla som finst i det elektroniske nettet.

Det er eit vilkår for utviklinga av biblioteket at personalet har kunnskap om desse kjeldene, og at dei kan rettleie brukarane. Det går fram av ordlyden i Lov om universiteter og høgskoler, av 12. mai 1995, §2: «Institusjonene under denne lov skal gi høgre utdanning som er basert på det fremste innen forskning, kunstnerisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap». Det er også ein innlysande føresetnad for at høgskulen skal nå dei mål for undervisning og forskning som den strategiske planen set opp.



# Informasjonsteknologi



I 1996 var eit konsoliderings år for bruk av IT. Dei fleste har teke steget over i Windows teknologien. Høgskulen har standardisert på Microsoft sin Office pakke med Word som teksthandsaming og Excel som rekneark. Dette er i tråd med resten av høgskulesektoren. Ein viktig grunn til denne standardiseringa er at i samarbeidsprosjekt mellom høgskulane vert det mindre problem med dokumentutveksling. I tillegg er Microsoft marknadsleiar internasjonalt og det er stor sjanse for at samarbeidspartar i utlandet har same system.

## Programvare

Elektronisk post har gått inn i dagleg bruk. For mange er det like naturleg å opne e-posten sin som det er å gå i den vanlege posthylla. Etter tekst-

handsaming er det e-post som er det mest brukte dataprogrammet. Vi har hatt Internett på høgskulen sidan 1993. Når HVO etablerte Webserver (Netscape) i 1995, fekk Internett ei meir brukarvennleg form. «Peik og klikk» teknologien er lett å bruke. Ei ulempe er at den inneheld mykje bilete og grafikk. Det igjen krev nye og kraftige PC-ar dersom dette skal fungere utan problem.

## Maskinvare

I 1996 fekk vi skifta ut slik at alle har 486- maskinar eller betre. Dette medfører at dei som vil, kan bruke Windows programvare. Slik løyvingane har vore dei siste åra, har maskinane hatt ei brukstid på 5 år før dei har blitt skifta. Høgskulen kjøpte 104 nye datamaskinar i 1996. Av desse gjekk 65

til studentane og 39 til tilsette. På Nedretun vart det etablert eit nytt datarom for studentar med 21 maskinar.

## Undervisninga

Alle avdelingane har teke i bruk IT i undervisninga. Det har kome sterke føringar om IT-kompetanse for allmennlærerstudentane. Hausten -96 vart det sett i gang eit prosjekt på avdeling for lærarutdanning der alle studentane som gjekk allmennfag, fekk tilbod om 25 timars opplæring på IT. Avdeling for mediefag har integrert IT i undervisninga. Informasjonsstudentane lærer seg å lage Internett-sider og radiostudentane har databasert studio. Både avdeling for samfunnsfag og avdeling for humanistiske fag nyttar IT på fleire fagfelt.

# Personalkontoret

Høgskulen har ikkje fått tilført nye stillingsheimlar dette året, og har 143.5 faglege og 49.5 administrative heimlar. Ved utgangen av året 1996 hadde høgskulen 221 personar tilsette/engasjerte.

Etter søknad om kompetansevurdering i 1996 har 5 av det vitskaplege personale fått opprykk til første-

kompetanse, 2 kvinner og 3 menn. I tillegg har ei kvinne fått godkjent amanuensiskompetanse.

Det har gått ut 37 stillingsannonser:

- 3 professorat
- 9 adm./drift/data/reinhald/bibliotek
- 25 annonser/30.5 ledige stillingar for undervisning

Lokale lønsforhandlingar pr. 01.09.96 vart dette året for første gang førde ved den enkelte høgskule, og ikkje som tidlegare år, mellom departementet og organisasjonane. Både leiinga og organisasjonsmedlemene som deltok i forhandlingane, sa seg svært nøgde med måten dette vart gjennomført på.

# Styret

Rektor Sverre Måseidvåg, styreleiar  
Prorektor, professor Jørgen Amdam, nestleiar  
Førsteamanuensis Peter Hallaråker  
Førsteamanuensis Gunnar Strøm  
Førsteamanuensis Narve F. Birkeland  
Førstesekretær Hilde Trandal  
Student Gry Merethe Hovdenakk  
Student Vibeke Bergsholm  
Disponent Toril Fiskerstrand  
Førsteamanuensis Kathrine Skretting  
Kommuneoverlege Bjørn Martin Aasen



# Bygg og anlegg

Disponibelt bygningsareal for Høgskulen i Volda endra seg ikkje i 1996, men det fann stad fleire avgjerande hendingar som vil endre omfang og status for den bygningsmassen som høgskulen disponerer dei komande åra. Det mest vesentlege var at grunnarbeidet til nybygget på Røysmarka tok til på ettersommaren 1996.

Statsbygg kjøpte Hans Strøm-huset 1. juli 1996. Etter denne overtakinga er Statsbygg pr. årsskiftet 1996/97, utleigar av ca 66 % av høgskulen sitt disponible areal. Når nybygget blir sett i drift på vårparten 1998, vil Statsbygg

vere utleigar av ca. 86 % av bygningsmassen.

Prosessen med nybygget omfattar også ombygging av ein del lokale i området Skjervavegen 22. Etter tilråding frå lokalt byggeutval overlet Statsbygg vidare prosjektering til firma Arkitektpartner v/Geir Børøen. Eit utkast til ombyggingar og tilbygg vart framlagt 12. desember 1996.

Ved Statsbygg si overtaking av Hans Strøm-huset var det klart at bygget måtte få visse justeringar frå det tidspunkt nybygget blir teke i bruk. Trass ei rekkje initiativ kom ein ikkje i

dialog med Statsbygg i 1996 om omfang og retningslinjer for denne aktiviteten. Dei vesentlegaste utfordringane høgskulen står overfor med sikte på bygningar ved utgangen av 1996, er tilpassingar i området Skjervavegen 22 når det konkrete byggjeomfanget der er fastsett.

Ivar Aasen-huset er i slik forfatning at den må gjennomgå omfattande arbeid for å fylle krav som ein må stille til bygningar i dag. Huseigar er Volda kommune, og det er usikkert kva som vil skje med dette huset etter at nybygget er teke i bruk.

## Kommentarar til nokre av tala i rekneskapen

Høgskulen i Volda fekk tildelt ei netto ramme til ordinær drift på vel 102,9 millionar kroner. I tillegg fekk høgskulen eit tilskot til større investeringar og ombyggingar på 4,5 millionar kroner. Inkludert overføringane frå 1995 var dei statlege overføringane 105,5 millionar kroner til driftsbudsjettet og 6,1 millionar kroner til investeringar og ombyggingar.

Vårt totale måltal i 1996 var 2221 studentar, og totale heiltidsekvivalentar var i 1996 registrert til 2254 inkludert eigenfinansierte studentekvivalentar frå verksemda for kurs, etter- og vidareutdanning. Netto ordinære løyvingar

per studentekvivalent i 1996 inkludert løyving til husleige var etter dette knapt kr. 45700. Ser vi bort frå løyvinga til husleige, fekk vi tildelt knapt kr 38 900 per registrert studentekvivalent.

I tillegg har Høgskulen skaffa inntekter frå ordinær verksemd på 6,5 millionar kroner. I tillegg til netto løyvingar har vi høve til å auke ramma til ordinær drift med denne summen.

Ut over dette har høgskulen rekneskapsført utgifter knytte til oppdragsverksemda på knapt 1,2 millionar kroner. Tilsvarande sum og ein sum til inndekking av inntektskravet frå

oppdragsverksemd er overført frå interimskontoar for oppdragsinntekter, til saman kr. 1 364 000.

Tabellen på neste side viser rekneskapstala for 1996 delt på driftspostar og med høve til å sjå på utviklinga frå og med 1994. 1994 var eit noko spesielt år då samanslåinga skjedde 1.8 dette året.

Denne tabellen gir også eit oversyn over korleis dei ordinære driftsutgiftene fordeler seg på dei ulike driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 41,8 millionar går 19,3 millionar kroner til drift av bygningar, av dette 15,4 millionar til husleige.

# Rekneskapen

---



# Årsmelding 1996



**Høgskulen i Volda**